



## Notat

Dato: 08.02.2019  
Arkivsak: 2019/1575-1  
Saksbehandlar: karnyga3

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Vedk. biogass produsert i Rådalen

Fylkesutvalet fatta 29.08.12 følgjande vedtak:

*Fylkesutvalet ber administrasjonen initiere eit samarbeid med Bergen kommune med det føremål at biogass frå Rådalen kan leverast til gassbussane i Bergen i tråd med reglane om eigenregi.*

Dei juridiske rammene for eit slikt samarbeid vart gjort greie for av advokatfirmaet Thommessen i notat av 01.11.13. Hovudkonklusjonen frå dette notatet er at kommunen og fylkeskommunen kan etablere eit felles føretak som kan stå for leveranse av biogass til fylkeskommunen. Det er i dette notatet lagt til grunn at det er tvilsamt at eit slikt felles føretak kan avgrensast til eit eige salselskap eller foredlingselskap. For å vere trygg på å oppfylle reglane om eigenregi vert det såleis tilrådd felles eigarskap i sjølve produksjonsanlegget.

Eit slikt felles selskap er ikkje etablert.

Fylkesrådmannen vurderer at biogassen heller ikkje kan leverast til gassbussane i Bergen etter reglane om offentleg-offentleg samarbeid nedfelt i anskaffingsforskrifta § 3-3. Eit slikt samarbeid må angå oppgåver og mål partane har til felles. Det må vidare vere eit aktivt samarbeid med gjensidig utveksling av oppgåver mellom dei to samarbeidande partane. I dette tilfelle er det derimot tale om at det skal leverast gass til fylkeskommunens avtalepart mot betaling. Samarbeidet er såleis meir av forretningsmessig karakter, noko som ikkje samsvarar med regelverkets krav.

Skyss kunngjorde 14.12.18 konkurranse om nye kontraktar for Bergen sentrum og Bergen nord. Med bakgrunn i at det ikkje er etablert eit felles selskap mellom Bergen kommune og fylkeskommunen har Skyss ikkje høve til å pålegge tilbydarane å nytte biogass som er produsert i Rådalen dei neste 10 åra.

Med bakgrunn i fylkesutvalet sitt vedtak av 25.10.18 vil alle bussar stasjonert på Haukås bussenlegg driftast på biogass. Dette betyr at biogassen frå Rådalen uansett berre vil kunne dekkje ein del av behovet for biogass til dette anlegget. I tillegg veit vi at volumet biogass produsert i Rådalen er varierende/uføreseieleg. I møte mellom HFK og Vann- og avløp den 08.01.18 vart det på denne bakgrunn konkludert med at Bergen kommune bør selje biogassen til gassleverandørar i marknaden. Skyss sine bussoperatørar vil då kunne forholde seg gassleverandørar som dekkjer totalbehovet for gass på Haukås, inkludert gassen som er produsert i Rådalen.